Ressursside for lærarar:
kulturtanken.no/saman

Sjå DKS-programmet til din skule:
dks.no

Framsida: Streetdance-verkstad under Arendalsveka.
Baksida: Kulturfest Tøyen.

Kulturtanken
Den kulturelle skulesekken Noreg

Kunst og kultur for oppleving, danning og læring

- Kva er Den kulturelle skulesekken (DKS)?
- Kva er læringspotensialet?
- Korleis kan du påverke ordninga?

Kva er DKS?

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som sikrar at alle elevar i Noreg får møte profesjonell kunst og kultur i skuletida. Det blir formidla produksjonar innanfor film, visuell kunst, litteratur, kulturarv, scenekunst og musikk.

Kunst- og kulturopplevingar gjennom DKS skal vere av høg kvalitet, opplevast som relevante og representere eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar. Formidlinga skal vere i tråd med verdiane og prinsippa i skulen slik at DKS bidreg til danninga og utdanninga til barn og unge.[1]

DKS skal vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging.[2]

– DKS handlar primært om elevane. Det er viktig at dei kjenner eigarskap til ordninga og tilboda.

Anne Hermansen, rådgivar
DKS Vestfold og Telemark

Produksjonen *Labyrint*
Foto: Tanja Flaaten Steen / DKS Viken

1 Nasjonale mål for Den kulturelle skolesekken, Meld. St. 18 (2020–2021)

2 Nasjonale mål for Den kulturelle skolesekken, Meld. St. 18 (2020–2021)

Læringspotensialet i ordninga

Den kulturelle skulesekken skal levere profesjonell kunst og kultur til elevane. Kunst- og kulturopplevingar frå DKS kan også vere ein ressurs for arbeid med dei tverrfaglege temaa eller for fagspesifikke mål.

Gjennom kunstmøte i DKS kan elevane møte problemstillingar som på ulike måtar kastar lys over samfunnsutfordringar som krev engasjement og innsats, og bidra til at elevane oppnår forståing og ser samanhengar på tvers av fag. [3]

I møte med profesjonelle kunstnarar og formidlarar kan elevane bli inspirerte, utfordra og motiverte til kreativitet og nytenking.

DKS kan vere ein ressurs for læringsaktivitetane i skulen.

3 Overordnet del, Tverrfaglige temaer, LK20

Elevar på produksjonen *Resikunst*.

VGS-elevar deltar på produksjonen *Fra urinnvånere til urfolk* på HL-senteret.

I temaet folkehelse og livsmeistring skal elevane mellom anna utvikle evna til skapande tankeprosessar og praktisk problemløysing og få verktøy til å utforske meiningar, idear og kjensler. I tillegg skal dei kunne uttrykkje seg i ulike format og på ulike arenaer.

I temaet demokrati og medborgarskap skal elevane mellom anna bli utfordra til å reflektere kritisk over kunst og design og materiell og immateriell kultur. Dei skal lære å gi uttrykk for eigne opplevingar, tankar og meiningar. Gjennom møte med kunst og kultur og arbeid med visuelle ytringar kan elevane utvikle evne til å tolke, medverke i og endre samfunnet dei lever i.

I temaet berekraftig utvikling skal elevane gjennom praktisk skapande arbeid utvikle evna til å sjå forbetringar i produkt og til å utforske meir berekraftige levesett for framtida.

Korleis kan ein auke elevane sitt utbytte av DKS-opplevinga?

For å oppnå betre utnytting av DKS-tilbodet blir det tilrådd å vurdere om, eller korleis, innhaldet kan bli eit supplement til opplæringa. DKS skal samspele med læreplanen, men har også ein eigenverdi som kan bidra til danninga og identitetsutviklinga til eleven på lengre sikt.

- **På dks.no ligg DKS-programmet for skulen din.** Der finn du informasjon om tema og fagleg relevans for dei fleste produksjonane. Det kan gjere det enklare å leggje til rette pedagogisk for opplevinga og å utnytte læringsverdien i henne. Til nokre produksjonar er det også utvikla forslag til for- og etterarbeid.
- **Finn ut kva DKS-tilbod elevgruppa di har fått tildelt, på starten av skuleåret.** Det gjer det enklare å plassere læringsaktivitetar som samspeler med produksjonen i same periode.
- **Informer elevane om DKS-produksjonen i forkant av besøket.** Det skaper forventningar og kan gi eit betre utbytte av kunstmøtet. Nokre DKS-administrasjonar har produsert videoar med små smakebitar frå produksjonane som kan vere fine å nytte. Til fleire produksjonar finst det videoar med små smakebitar som er fine å nytte.

Produksjonen *Labyrint.*
Foto: Tanja Flaaten Steen / DKS Viken

Elevar på produksjonen *Båten og menneske.*

- **Ver der for elevane.** I møte med kanskje ukjende kunst- og kulturuttrykk er lararar gode rollemodellar.
- **Refleksjon i etterkant er verdifullt.** Elevane får styrkt vurderingskompetansen sin ved at det blir lagt til rette for undring, diskusjon, tolking, evaluering og munnlege eller skriftlege tilbakemeldingar.
- **Ta elevane med på utveljinga av produksjonar.** Det kan styrkje eigarskapen deira. Fleire fylke og kommunar gir skulane moglegheit til å velje delar av tilbodet sjølve.

Medverknaden til barn og unge

Elevar skal erfare at dei blir lytta til i skulekvardagen, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei.[4]

Ved å opne for meir medverknad frå elevar kan vi skape eit tilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar. Å involvere elevar er med på å utvikle ordninga og kan bidra til å styrkje både opplevinga og forståinga av kunst- og kulturuttrykk.

Det er stor variasjon i korleis formidlarar, fylke og kommunar legg til rette for medverknad. Informasjon om dette kan du finne ved å gå inn på DKS sine nettsider for fylket eller kommunen din.

Produksjonen *Kaja + Kosmos.*

4 Opplæringens verdigrunnlag, Punkt 1.6 Demokrati og medvirkning, LK20

5 Nasjonale mål for Den kulturelle skolesekken, Meld. St. 18 (2020–2021)

Ver med på å utvikle DKS

Produksjonen
IESTEV – Hunnbjørnen.

Refleksjonar om DKS-opplevinga har læringsverdi både for eleven, formidlaren og DKS-administrasjonen. Evaluering og tilbakemeldingar som blir vidareformidla, kan bli eit viktig grunnlag for både kunstnarisk og formidlingsmessig kvalitetsutvikling. Ros og ris er like velkomne, berre slik kan vi bli betre!

Tips

- **Gjennomfør ei refleksjonsøkt med elevane etter kunstmøtet.** Resultatet er av stor verdi både for formidlaren og DKS-administrasjonen.
- **Bruk kulturkontakten ved skulen.** Vedkomande kan vidareformidle ønske, evalueringar og tilbakemeldingar og setje deg i kontakt med utøvarane eller DKS-administrasjonen. Kulturkontakten har også oversikt over digitale verktøy for tilbakemelding.
- **Oppfordr elevane dine til å engasjere seg i DKS-tilbodet til skulen.** I mange fylke og kommunar kan skular velje delar av tilbodet sjølve, og elevane kan vere med i utveljinga. Somme skular har til dømes oppretta DKS-ressursgrupper.
- **Kulturtanken arrangerer jamleg fagdagar, seminar og konferansar om DKS.** Det er ønskjeleg med større deltaking frå skulesektoren. Følg med på kulturtanken.no eller meld deg på nyheitsbrevet vårt for å få informasjon om arrangement.

På kulturtanken.no/ressurser er det meir informasjon om evaluering og tilbakemeldingar, og dessutan om DKS-ressursgrupper.